

Kivlemøyane

Under Skrovefjell i Seljord ligg det ein skjult dal som heiter Kivledalen. I kring 1520 budde det ein storkar her som heitte Stein. Han eigde heile Kivledalen og skal ha hatt 500 geiter i Skorve.

Stein hadde tre døtrer. Det var Anne, Åse og Asgjerd. Åse og Asgjerd var begge trulova med kvar sine gutar frå Flatbygdi i Seljord. Dette var gjævt for Stein og han såg framom seg ei framtid der desse staute karane skulle taka over dalen hans når tida var inne. Diverre ville ulukka det annleis.

Ein gong Herlog Utgarden og Harald Uppebøen ville vitje jentene sine oppi Kivledalen var det vill vårløysing og Kivleåi var i sin brave. Gutane var i godt lag og kunne ikkje koma raskt nok fram til Åse og Asgjerd. Dei mista dei hovudet på vegen og tok nokre farlege beinvegar for å spara tid. Ved Kivledjuvet var stryket stridt og her greidde ikkje Harald og Herlog å symje over. Dei måtte gje etter for elva og slik omkom dei begge.

Kivlejentene sørgde grueleg etter gutane sine. Fortvilninga herja i dei og dei miste trua – trua på Gud og trua på livet. Dei slutta å møte opp i den vesle kyrkja som den tida stod i Kivledalen. Dei gjekk berre og gjette geitene til faren. Og medan dei sveiv slik i suta spela dei nokre sorgtunge tonar på seljefløyte.

Jens Lavrantson var den siste katolske presten i Seljord. Han la etterkvart merkje til at jentene på Kivle ikkje lenger møtte opp i kyrkja på sundagane. Dette var stor skam syntest Jens, og han klaga seg til Stein. Men jentene var ikkje til å rikke. Dei trudde ikkje lenger på noko – dei kom ikkje ut av sorga og sveiv berre som skadeskotne dyr i fjella og spela ut sorgene sine iblant geitene.

Jentene blei vonde på presten, etter han hadde hatt moralpreike for far deira.

Ein sundag dei som vanleg gjekk og gjette oppi fjella såg dei bygdefolket i finstasen. Dei skulle i kyrkje. Da tok Kivlemøyane opp fløytene sine og spela dei såre tonane sine så fint som berre dei kunne. Dei trekte ned mot kyrkja og om ikkje lenge sto dei nedpå kyrkjevollen. Kyrkjelyden hørde dei vemodige tonane. Dei prøva å konsentrere seg om presten, men tonane til Kivlemøyane blei sterkare og finare litt etter litt, og dei vare tonane liksom sneik seg inn i hugen på alle – det var umogleg å ikkje sanse dei. Presten greidde ikkje taka opp konkurransen med musikken – han messa på latin og det var det nok ikkje mange kivledølar som skjønna større av. Ein etter ein gjekk ut av kyrkja og ut på vollen for å høyre enda betre det jentene spela.

Jens Lavrantson gådde at kyrkjelyden litt etter litt blei mindre og mindre, og da den siste kivledølen gjekk ut døra etter musikken freste han av sinne. Han storma ned kyrkjegolvet og ut på tunet, heva stemma til sine høgder og forbanna jentene som uroa kyrkja, forstyrta den heilage seremonien og med det sette seg sjølv opp mot Herren. I sitt utemmelege harme, svor han ved Guds namn at jentene skulle stå der i stein til evig tid.

Og det skjedde. Dei vonbrotne systrene Åse og Asgjerd stod att som steinstøtter, men Anne som ikkje hadde vore trulova, men som sørgde med systrene sine, slapp unna og forsvann inn i berget. Ei kjælen geit som allstøtt svinsa kringom henne, forsvann med henne inn, og her forma det seg ei moserose etter dei to i bergsida.

Stein Kivle sat einsam og usæl att. Alle hans draumar var knuste, men det skulle ikkje gje seg med det. Når vinteren kom gjekk det eit veldig snøskred frå Skorve. Det tok med seg heile

garden, tenestefolket og buskapen hans, og Jens Lavrantson si harme såg nok ein gong til å ha råka uskuldige Stein på det hardaste.

Tonane Kivlemøyane spela på kyrkjevollen gjorde så inntrykk på folk som hørte dei at dei ikkje kunne gløyme kva dei spela. Slik blei desse etterkvart spela av andre og forma ut til mange ulike slåttar som blir spela den dag i dag.

Melodiane til Kivlemøyane bor ein slik kraft i seg at det gav grunnlag for full grøde i dei kunstnarhugane som kom etter. Så Kivlemøyslåttane er mange.

Ofte blir dei spela som tre slåttar i eitt, samanbunde av noko som kan minne om fløytetonar. Men i utgåva Høye Kvåle i Seljord spela etter Møllarguten, er det ein gangar, ein springar og dei to lydarslåttane ”Lokkaren” og ”Forsteinaren”.

Anbefala innspeling:

Høye Kvåle: ”Teletonar” (BKMC 67. Buen Kulturverkstad 1992)

Kjelder:

- Folketradisjon
- *Tov Flatin*: ”Seljord” (Utgjeve av Seljord Kommune, 1945)
- *Knut Buen*: ”Som Gofa spølå” (Rupesekken forlag, 1983)